

1611-24  
Ms. 1568 Ib 1/17  
1945 - F r i d o m s å r !

1945 er eit stort jubileumsår for norsk fridomskamp.

Det er hundrad år sidan den største fridomsforkynnaren landet vårt har hatt, Henrik Wergeland, døydde.

Det er šeksti år sidan den store fridomskjempe, politikaren Johan Sverdrup, i brodden for venstrerørsle, fekk knesett det parlamentariske demokratiet i vårt statsliv, der nasjonalforsamlinga, stortinget, fekk den makt som Eidsvoldsmennene verkeleg hadde tiltenkt det.

Det er førti år sidan landet vårt vart ein suveren stat, med fullt nasjonalt sjølstende.

Men 1945 vert ikkje berre ei stadfesting av våre store fridomsstradisjonar, -eit jubileumsår. Det vert i seg sjøl det største fridomsåret for folket, då fienden er ute av landet, og folket atter skal leva fritt i eit større, rikare og friare Norge, der folket sjøl er herre i landet, utan formyndarskap.

Våre nyårsynskje er difor vårt samlingsmerke:

Norge fritt i 1945 for fiend og forredar!

Ei nasjonalforsamling i 1945 som er Eidsvoldssamlinga historisk verdig!

Folket i val skal i 1945 velja si vidare framtid!

#### Vår politiske framtid.

Stortingspresident Hambro 1 juledag: Det er den femte jul vi feirer i undertrykkelse. Vi feirer den i skuffelse. For oss ute er det trist å være hjemmefra ennå en jul. Dere hjemme tenker på slekt og venner i konsentrasjonsleirene. Dere lever i i sult og savn, men samtidig i stigende vrede, stigende stoltheit over kampen. Vi ber at friheten ikke må koste altfor meget, at seiren ikke må bli altfor dyr. Først og fremst ber vi om at kløften i folkesjelen ikke må sette for dype spor. Vi ser med bekymring utviklingen i andre land som er blitt befrikk. Den samlede frøn holdt bare til befrielsen. Dette må ikke skje hos oss. Vi ute kjenner det sårt ikke å være hjemme. Dere er blitt rikere ved skuffelsene og ofrene. Dere er blitt ett med folket og landet. Vi er blitt rotløse, og føler savn og hjelpeløshet i et mylder av store nasjoner og ukjendte forhold. Dere har venner i hver vik og hver dal. Deres savn er fysiske. Våre er åndelige.

Vi vet at vi som reiste fra landet hadde vår oppgave. Frønten ute berget kontinuiteten i statslivet. Norge ble ikke bare et hertatt land, men også en krigførende nasjon. Vi vet at vi har gått glipp av vårt folkesamliv i denne tiden. Å være hjemme har vært en lutring. Det kan nok være lett for oss her og på den annen side av Atlanteren, å si at vi gjerne ville opplevet savnet, faren, -slitet hjemme, men der er en sannhet i det.

Vi vet at det ikke finnes to fronter, en ute og en hjemme. Den krigskamp konge og regjering har ført ute, kunne ikke nytte uten kampen på hjemmefronten. Hver har vært på sin post. Vår framtid som nasjon ligger i å bevare denne enigheten i vårt folk som krigen har vist. Det store for oss er folkets sandrektighet. Det må bygges bro mellom grupper og partier, ellers bereder vi veien for det nazistiske undergravingsarbeid som allerede er velorganisert. Det er etter seiren vår store oppgave kommer.

Vår regjering vil nedlegge sitt mandat slik at nye menn som har

levet livet hjemme, kan slippe til. Vi andre stiller oss i rekkene som hjelpere for å skape sunne og gode kår for folket.

Statsminister Nygårdsvold 2. juledag: Med hensyn til det fremtidige perspektiver etter krigen, vil jeg gjenta det jeg sa for to år siden at regjeringen vil inngi sin avskjedsansøking i det første statsråd som blir holdt i Oslo i et fritt Norge. Vi er klar over at det vil oppstå vanskeligheter i denne overgangstiden, men vi håper at de vil bli løst på en tilfredstillende måte. Stortinget vil rimeligvis bli innkalt, og for dem som har handlet mot nasjonens interesser må det vel gå an å innkalle varamennene. Det er selvsagt at vårt demokrati må gjenreises fullt ut og nye valg utskrives. Her vil det nok ta en tid før det er blitt så pass i orden at valg kan holdes. Men det er ikke usannsynlig at en teknisk har gjort slike fremskritt at tidsfristen for valgene kan fremskyndes. Vi håper alle at det samhold som er vist i krigstiden også vil holde i fremtiden.

Kronprins Olav nyårsafta: 1945 er det avgjørende år som vil bringe oss friheten, med et Norge for nordmennene. Før vi når frem til friheten kan vi enda gå gjennom harde kamper, men seiren er viss, og vi vil sammen reise et fritt Norge på rettsstatens grunn i grunnlovens ånd.

Dr. Arnold Røstad nyårsdag: De løftene som ble gitt av den norske front var enkle fordi de var fremtvunget av nøden. På terskelen til 1945 når løftene skal innfries, kan vi trekke lærdommer av det som har hendt.

Vil andre komme oss til hjelp fordi vi er herjet og lider? Den hjelp vi vil få har sitt grunnlag i vår mostand mot de tyske undertrykkere. Vi må dra lærdommer av andre folks prøver under krigen. Flere folk i Europa har hatt en hård prøve. Men vi ser hvordan den franske nasjon har vist seg i sin storhet. Enheten kan bare bevares ved at nasjonen bestemmer seg for de største mål. I Frankrike tar en ny samfunnsform og en ny samfunnsdisiplin form, hvor alle slutter seg sammen for å løse de store oppgavene. De som før var marquisstyrker, er nå med i opprenskningen, ved domstolene, ved inndraging av krigsfortjenester m.m. Mostandsorganene er blitt samfunnsorganer. Den franske nasjon danner de saklige former for den nye tid. Men vi ser også borgerkrig og folkekiv i et land som nettopp har gjenvunnet friheten. Det gjelder om at vi står samlet også når vi har sagt farvel til tyskerne.

Et spørsmål som melder seg ved løsningen av de store oppgavene er rettspleien. Nye former for den nye tid. Demokratiets ansvar. Den nye verden som åpner seg for alle frie folk er et tidsskifte. Den må være full av nye muligheter, økonomisk og sosialt, materielt og åndelig.

Vi trodde på en makt over statene. Kan vi vende tilbake til en almen rettsikkerhet? Er vi omstillet? Hver stat har to hensyn å ta: 1. Den sterkeste trussel. 2. Resikoen må spredes. De regionale pakter garanterer ikke en almen rettsikkerhet, men den kan være forløperen.

Norge ligger strategisk dør i dør med Sovjetunionen, Storbritannia og U.S.A. Vi vil fremme en internasjonal almen sikkerhet. En nasjon som har mistet sin frihet lever bare videre i sin motstand. Motstandsorganisasjonene er den eneste offentlige mening. Rettspleien må få ny moralsk vurdering. Til en viss grad kan motstandsorganene tilpasses de nye forhold. De må bli innforlivet i rettsstaten. Anvendelsen av rettspleien er ikke gitt bare i paragrafer. Frankrike har her gitt budskapet. Kravet hviler på folket om å holde sine egne løfter.

### Eit fritt Norge i 1945.

Dei fleste har for vane ved årskiftet å sjå tilbake på det året som gjekk. Vi vil denne gongen heller venda augo våre framover mot det året som kjem, og som skal gje oss friheten tilbake. Serleg vil vi festa oss ved perspektivet for atterreisninga av demokratiet i styr og stell. Kort og godt: Vår politiske framtid.

Ved inngangen til det nye året ~~hadde~~ både stortingspresidenten Hambro, og statsminister Nygårdsvold ~~inn~~ på desse spørsmåla. Nyårsdag tala og Arnold Røstad om dette. Korte referat av talane står i dette bladet.

Då det har vore stor villreide omkring tilhøva for etterkrigstida og då mange har gått omkring med planar om eit nytt riksstyre,

og ei statleg og kommunal ordning etter prinsipp som står direkte i strid med den norske grunnlova, var det på høg tid at desse spørsmåla kom opp til dryfting.

Det har vist seg at mange nordmenn i denne tida, frå den vanlege mannen til statsmenn som skulle ha betre vet, har synt heller liten kjennskap både til bokstaven og ånda i grunnlova. Det skulle derfor vera eit høveleg nyårsbod å få klarlagt kva grunnlova seier om dette. Vi må ynskja at 1945 ikkje berre gjev oss fridomen, men at folket er fullt førebudd på å nå fridomen, slik at alle er klar over kva atterreisinga av demokratiet verkeleg inneber.

Årsakene til at det har vore forvirring omkring desse geller enkle spørsmål er i hovudsaka: 1. Påverka frå fiendens propaganda, som vil undergrava trua på demokratiet, og istaden setja trua på den eller dei sterke menn, på førarprinsippet. Der det før var valde ~~personar~~

organ og institusjonar, skal setjast utpeikte personar. 2. Serbateomsyn frå personar og grupper som av økonomiske omsyn, maktsykja m.m., i denne tida ser ein lett veg til å undertrykkja folkemeininga. 3. Ukjennskap til det forfatningsmessige demokratiet vi hadde, og det levande demokratiet i folket under krigen. Det forfatningsmessige demokratiet gjev bokstaven i grunnlova oss, Det levande demokratiet i folket stø seg på ånda i grunnlova.

Nasjonalforsamlinga, Stortinget, er etter den norske grunnlova den høgste politiske makt i landet. Johan Sverdrups ord: All makt i denne sal er grunnlovsmessig fastslege. Det høvde difor at det var den fremste representanten i denne forsamling, stortingspresidenten, som først kom inn på vår politiske framtid.

Stortinget er den einastø forsamling som etter grunnlova har det avgjerande ord når eit nytt riksstyre skal skipast. Når derfor den nåverande regjering, etter statsministaren sitt utsagn, vil gje inn av skilssøknad i første statsråd i eit fritt Norge, er det til stortinget først og fremst kongen må venda seg for å rådføre om eit nytt rikstyre. Kongen kann ikkje styra riket utan storting, sjøl om det berre var for ei kortare tid. Det ville vera brot mot grunnlova. Og den som freistar å få kongen til å taka eit slikt skritt, vert straffskuldig etter § 98 i straffelova. Dersom vedkomande er statsråd kan han straffast etter § 8 eller § 11. Dersom kongen n~~emner~~ ut eit nytt riksstyre etter det som nå set, utan at stortinget er innkalla betyr dette eit staskup.

Det som har forvirra mange ærlege nordmenn, og det vert utnytta av politiske spekulantar, er at mange stortingsmenn skjemde seg ut under forhandlingane med tyskarane sommaren 1940. Men dette gjeld dei ein-skilde representantane og ikkje stortinget som institusjon. Dei stortingsmenn som har forbrote seg mot grunnlova og landsinteressene, vil verta straffa etter vanleg rettspraksis. Det same gjeld sjølsagt for dei folkekevalde til kommunestyra.

Men grunnlova er ikkje berre dei paragrafane som står der. Den er og gjennomsyra av ei demokratisk ånd, som og er rettsgyldig. Det er den som må fylgjast i situasjonar som ikkje var tenkt då grunnlova vart laga, og ved seinare tillegg. Når det gjeld tilhøva under ein okkupasjon har grunnlova og elles lovgjevinga vår teke lite omsyn til dette. Den okkupasjon som vi har hatt nå i snart fem år har ikkje teke omsyn til internasjonal folkerett i tilfelle krig. Være folkevalde organer er knuste av fienden. Fiend og forredar har her hjulpet åt for å gjera om inkje alt som kunne minna folket om ei fri firfatning.

Mange av dei folkevalde representantane til storting og kommunestyrrer har stelt seg mindre bra, sume har gått over til fienden. Sju og åtte år sidan sist val, til dette mistilliten til personane, har fått folk til å sjå ned på sjølvne organa, - dei folkevalde institusjonane. Folk tykkjer det er urett og på ein måte udemokratisk at dei som vart valde for så lenge sidan skal vera dei millombils styrande fram til nye val. I denne måte å tenkja på ligg det både ein fåre og ein styrke. Fåren ligg i at folk får missillit til dei folkevalde institusjonane, og dette vert utnytta av reaksjonen. Styrken ligg i at folket øver kritikk over dei som skulle representere dei i denne tida. Kritikk over folkerepresentantane viser sunn demokratisk tankegang.

Forfatninga vår har og andre organ som kan vera sikkerhets-

ventilar mot utgliding i byråkratisk leid i statsstyringa. Det er dei politiske partia. Vårt parlamentariske demokrati byggjer nemleg på partiskipnaden. Desse bør derfor og ha eit ord med i laget, når vårt demokratiske styre skal atterreisast.

I krigstida har det på heimefronten utvikla seg nye demokratiske organ for folket og folkemeininga. Det er motstandsorganisasjonane, lokalt og i distriktsmålestokk. I desse er dei beste av folket kome med i frigjeringsarbeidet. Dei er folkevalde under dei harde krigsår. Deira valttalar har ikkje alltid kome langt ut gjennom publikasjonar, men folket har merka dei likevel. Desse organa er den beste garantien for ei demokratisk utvikling. Dei som set å desse organisasjonane vil folket kjenna som dei rettaste representantane for interessene, både politisk og økonomisk. Som dr. Røstad uttrykker det: Motstandsorganane er de eneste som representerer folkemeiningen. De er blitt samfunnsorganer.

Hambro sa i sin tale juledag at framtida for landet vårt låg i at samholdet i folket varde også etter krigen. Å tryggja dette samholdet, betyr å legge klart tilrette alle spørsmål som vedkjem den politiske og økonomiske framtida for folket. Samlingsgrunnlaget under heile krigen har vore og må framleis vera: Eit fritt folkestyrt Norge, bygd på grunnlova ved frie val. Det må ikkje i overgangstida verta gjort noko mistak, som kan sprengja folket på dette området. Di lenger t. d. ei utset tidsfristen for nyval til Storting og komunestyre, di meir resikere ar ein at det vil reisa seg konflikhtar som vil kløyva folket på dette spørsmålet.

Dryftingane om eit nytt riksstyre i overgangstida, må skje på så breidt grunnlag som råd er. Det som etter grunnlova og sunnt demokratisk vet garanterer eit slikt breidt grunnlag er ei samling av det gamle stortinget, representantar for dei politiske partia og motstandsorganisasjonane distriktsvis og i landsmålestokk.

Her ligg framtida vår som samla folk i sams lyft. Det vil vera ei nasjonalforsamling i den rette tyding av ordet. Det kontinuerlige forfatningsmessige folkestyret, saman med det krigsborne levande folkestyre som har utvikla seg under krigen. Dette er den einaste garantien for å hindra ei kløyving av folket.

Lat dette vera vårt største nyårsynskje:

Ei nasjonalforsamling i 1945 av det gamle stortinget, dei politiske partia og representantar for motstandsorganane frå dei ymse fylke og landsdelar.

Då vert 1945 det verkelege sigersåret over fienden og hans vesen!

#### Fra Roosevelt's tale til den amerikanske kongress.

Et av årets gode hendinger var den gjenfødelse som hadde foregått i Frankrike. U.S.A. var fullt oppmerksom på at Frankrike måtte bli tilgodesett med hensyn til sine sikkerhetsinteresser overfor Tyskland. Om utenrikspolitikken ellers uttalte Roosevelt at U.S.A. fortsatt vil stå sammen med de allierte nasjoner både i krig og fred. Sammenslutningen av de allierte er ikke et samarbeid mellom regjeringer, men en samling av nasjoner, og nasjonene er interessert i fred.

Situasjonen i de befriete land gav anledning til bekymring. Serlig gjalt dette Polen og Hellas. Vi og våre allierte har forpliktet oss til at befolkningen i de besatte land selv skal få høve til å velge sine regjeringer, men vi må hindre at det i mellomtiden kaster seg opp provisoriske og midlertidige regjeringer, som ikke vil godkjenne dette.

Roosevelt advarte tilslutt mot fiendens propaganda som forsøkte å så splittelse mellom de allierte. Kilen som tyskerne hadde drevet i de militære stillingene på vestfronten har ingen betydning i forhold til den kile de forsøker å oppnå med sin propaganda. Alle rykter som blir spredt om Russland og Storbritannia for å skape mistillit hadde alle en og samme opprinnelse: Made in Germany.

Om den militære framtid for U.S.A. var almen verneplikt etter krigen nødvendig.